

# Kursplan 2020




Forbetringsutdanning  
**Kommunar og Helse**  
**Førde**

## Velkommen til forbetringsutdanninga for kommunar og Helse Førde

Formålet med utdanninga er å sette deg i stand til å starte, leie og gjennomføre kliniske forbetringsprosjekt, som gir varig betring av tenestene, til det beste for pasientar, pårørande og medarbeidarar.

Det er eit aukande behov i helsetenesta for å gjennomføre endringar som fører til varige og kontinuerlege forbetringar. Kontinuerleg forbetring handlar om å kombinere kunnskap om forbetring av diagnostikk og behandling (profesjonell kunnskap) med kunnskap om forbetring av prosessar og system (forbetningskunnskap).

God pasientbehandling er som regel eit resultat av tradisjonell forbetring, basert på fagleg grunnlag, erfaringskunnskap og verdiane som pregar kulturen til profesjonane (profesjonell kunnskap). Forbetningskunnskap er eit supplement som kan bidra til å forstå og analysere system, samhandling og prosessar. Systemkunnskap gjer det enklare å innarbeide kunnskapsbasert praksis, forstå variasjon og forbetre heile pasientforløpet.



Batiden og Stolz (1993)

Utviklingscenter for sjukeheim og heimetenester i Sogn og Fjordane vil i samarbeid med Helse Førde tilby opplæring i forbetningskunnskap. Opplæringa har fokus på Forbetningsmodellen og statistisk prosesskontroll (SPC).

I begge desse metodane handlar det om å implementere beste praksis, og bruke hyppige målingar for å følgje med på forbetringar av både prosessar og resultat.

Utdanninga er inspirert av Improvement Advisor-utdanninga til Institute for Healthcare Improvement (IHI) og Nordisk forbetningsagentutdanning i regi av Dansk Selskab for Patientsikkerhed og I Trygge Hender 24/7 Pasienttryggleiksprogrammet (Helsedirektoratet).

# Læringsmål

Formålet med utdanninga er å gjere deltakarane i stand til å setje i verk og leie forbetningsarbeid som kan føre til varige endringar i helsetenesta. I tillegg er det eit mål at deltakarane etter utdanninga skal bidra med kompetansen sin i det lokale forbetningsarbeidet, og ta del i forbetningsmetodikkopplæring i eigen organisasjon.

## Etter utdanninga skal deltakerane kunne

- leie forbetningsarbeid
- setje konkrete, talfesta og tidfesta mål for forbetningsarbeidet
- bruke spesifikke metodar for å teste nye arbeidsprosessar og rutinar
- bruke ulike metodar for å spreie forbetningar og halde fast på oppnådde resultat
- bruke målingar jamleg for å sjå om ei endring er ei forbetring
- føre forbetningskompetansen vidare til kollegaer i helsetenesta

## Målgruppe

Utdanninga er retta mot klinisk helsepersonell som arbeider med kvalitets- og pasienttryggleik, eller leiar forbetningsarbeid i praksis, og ønskjer å få kompetanse i forbetningsmetodikk.

Utdanninga vekslar mellom undervisning, øvingar og rettleiing i det konkrete forbetningsarbeidet deltakarane har valt som prosjekt gjennom utdanninga. Læringsprinsippet for utdanninga er «all teach, all learn»), noko som inneber at alle deltek aktivt i øvingar og diskusjonar, og at alle deler kunnskap og erfaringar frå sitt eige forbetningsarbeid med dei andre deltakarane. Det er høge krav til deltakaraktivitet sidan ein jobbar med eit eige forbetningsarbeid som case under utdanninga.

## Varigheit og form

• Deltakarane skal gjennomføre eit forbetningsarbeid i sin eigen organisasjon i løpet av perioden utdanninga varer.

### • Samlingar:

Førebuande samling over ein dag den 15 januar 2020

Samling 1 den 11 og 12 februar

Samling 2 den 15 og 16 april

Samling 3 den 15 og 16 september

• Videomøte 1 den 17.03 kl. 13.00-14.30

Videomøte 2 den 19.05 kl. 13.00-14.30

Videomøte 3 den 27.08 kl.13.00-14.30

• Undervisningsforma varierer mellom teori, case-basert undervisning med utgangspunkt i forbetningsarbeidet til deltakarane, praktiske øvingar, bruk av statistisk prosesskontroll (SPC), kommunikasjonsøvingar og deltakarpresentasjonar.

• Dei som underviser er interne og eksterne ressurspersonar som har erfaring med å rettleie og gjennomføre forbetningsarbeid.

## Rettleiing

USHT/Helse Førde vil ha ansvar for å rettleie deltakarar på valde forbetningsprosjekt. Teamleiarar frå kommunar og Helse Førde avtalar minimum ei rettleiing med sin rettleiar mellom samlingane.

## Litteratur

- Jacob Anhøj (2015) Kompendium i kvalitetsudvikling – Rammer og redskaber. Munksgaard
- Langley et al. (2009) The Improvement Guide
- Sarah W. Frasier (2007). Fremskynde spredning af god praksis – en arbejdsbog
- Region Midtjylland, Eva Tersbøl & Betina Ringby. Tænk anderledes (oversat og bearbejdet version af NHS Institute for Innovation and Improvement: Thinking differently Forbedringsguiden. Lastast ned frå:  
<https://pasientsikkerhetsprogrammet.no/forbedringskunnskap/forbedringsarbeid/her-kan-du-laste-ned-forbedringsguiden>

# Leiarforankring

Deltaking i utdanninga er ei strategisk satsing for organisasjonen til deltakaren. Det er ein føresetnad at den nærmaste leiaren legg til rette for at deltakaren kan vere med på samlingar og videomøter, og tid for deltakaren til å arbeide med valt forbetningsarbeid mellom samlingane. Det er òg ein føresetnad at forbetningsarbeidet er forankra hos den nærmaste leiaren, og at leiar etterspør resultat og fjernar hindringar for arbeidet.

# Milepælar og innhald i utdanninga

## **Førebunde samling 15 januar 2020**

Til denne samlinga skal deltakarar ha sendt inn ei beskriving av valt prosjekt. Samlinga vil ha fokus på introduksjon til forbettringskunnskap og ulike verkty. Tema som blir belyst er; Stopp før du startar, etablere forbettringsteam og døme på forbettringsarbeid frå praksis.

## **Samling 1**

### **11 og 12 februar**

På denne samlinga skal deltakarane få ei djupare forståing av for dimensjonar i forbettringsarbeidet gjennom System of Profund Knowledge, og kan analysere eige arbeid i forhold til denne.

Innføring i Forbettringsmodellen (Improvement guide), drivardiagram, det å teste tiltak i praksis ved hjelp av PDSA.

Vidare vil det bli lagt vekt og prosesskartlegging, variasjon og ulike typar målingar. Det vil også vere fokus på brukarmedverknad, og korleis involvere brukarar i forbettringsarbeid.

### **Til samling 1 er det forventa at:**

deltakaren har identifisert eit problem og eigna forbettringsarbeid

deltakaren å langt som råd har svart på dei tre spørsmåla i forbettringsmodellen

deltakaren har støtte frå leiaren sin og kan setje av tid til å delta på aktivitetane i utdanninga og arbeide med forbettringsarbeidet mellom samlingane

## **Samling 2**

### **15 og 16 april**

På denne samlinga blir det lagt stor vekt på kommunikasjon og samarbeid i forbettringsarbeid. Det vil bli lagt opp til øvingar knytt til kommunikasjon. Vidare vil det bli repetisjon av målingar og erfaringar med å måle i praksis. Case og erfaringar med drivardiagram, PDSA og testing av tiltak i praksis.

### **Til samling 2 er det forventa at:**

deltakaren har utarbeidd drivardiagram

deltakaren har gjennomført PDSA-testar

deltakaren har utvikla indikatorar, begynt å samle inn data og regelmessig ser på resultatata

det er etablert dialog mellom dei tilsette om målingane og kva ein kan gjere betre

### **Samling 3**

**15 og 16 september**

På denne samlinga vil det bli stor grad av aktiv deltaking med posterpresentasjonar og erfaringsdeling. Teoretisk blir det lagt vekt på implementering, og korleis få til vedvarande forbetringar i praksis. Evaluering av utdanninga og vegen vidare.

#### **Til den tredje samlinga er det forventa at:**

det kvar veke er dialog mellom dei tilsette om målingane og kva ein kan gjere betre  
det har skjedd forbetringar  
forbetringsarbeidet vert presentert i ein poster på tredje sam





